



Inspirasjonsmøte for styra i Frivilligsentralane i Nordhordland!

Tysdag 25 oktober kl 18 – 21 på Westland Hotell

«Frivilligsentralen i framtida!»

Oppsummering:

Arbeidsgruppa er særst taknemleg for at styrerepresentantane og ordførarane tok seg tid til å vere med på denne samlinga. Og ikkje minst må me få takke Christian Hellevang frå KS. Det er godt å vere saman med folk med kunnskap og innsikt i både frivillighet generelt og Frivilligsentralen spesielt.

Innleiingsvis orienterte Rune Rydland (FVS i Radøy) og Nina Randal (FVS i Meland) om dei einsskilte Frivilligsentralane i Nordhordland. Sentralane i Nordhordland har vore eit stabilt tiltak over fleire år med daglege leiarar dedikert til jobben. Faktisk så er Masfjorden, Radøy og Austrheim nokre av dei første sentralane som blei oppretta i Noreg på byrjinga av 90-talet. Felles for Frivilligsentralane i Nordhordland er at dei er godt integrert i kommunestrukturen både administrativt og politisk. Det er knapt nokon i kommunane som kjenner lag og organisasjonslivet betre enn daglege leiarane i Frivilligsentralane. Men når det kjem til det praktiske arbeidet som utførast i sentralane så er ikkje skilnadane så store mellom dei.

Rigmor Ludvigsen frå Frivilligsentralen i Austrheim trakk oss gjennom historia til Frivilligsentralane. Å starte ein Frivilligsentral var i byrjinga prega av fridom under ansvar. Sentralane var fullfinansiert frå staten og det skjedde samstundes ei parallell oppbygging av senter for frivillighet i helsedepartementet. Staten si satsing på å samle frivillighet på ein stad tverr-departmentalt, førte til at FRISAM blei oppretta. FRISAM blei administrasjonen som fulgte Frivilligsentralane i mange år. FRISAM kom etterkvart under press av di dei låg i eit departement – noko som frivillige lag og organisasjonar sjølv meinte var unaturleg og førte til for tette band til det offentlege. FRISAM leggjast ned jan 2005 og Frivillighet Norge har sitt stiftelsesmøte 19 sept 2005. Ansvaret for oppfølginga av Frivilligsentralane ligg i mange år i Kulturdepartementet men kontaktflata med departementet får etterkvart ein rein teknisk karakter. Frivilligsentralane er overlatt til seg sjølve.

Med det følgjer ei tid kor organisering av Frivilligsentralane er naudsynt, og etter initiativ frå einsskilte sentralar og samarbeid, så er det pr i dag både fagorganisasjon og interesseorganisasjon på plass.

Så er tida no komen for at statsstøtta til Frivilligsentralane leggjast inn i rammetildelinga til kommunane frå 1 januar 2017. Med dette følgjer ei pakke som seier ei auke og ei opptrapping av støtta i ein fire-årsperiode.

Der står vi no og har mange spørsmål om korleis den nye situasjonen skal handterast i kommunane: Mellom anna dette:

Kommuneadministrasjon og tilskot:

- Kommunane skal fordele den øyremerkta støtta til Frivilligsentralen/Frivilligsentralane. Kven er det i kommuneadministrasjonen som skal gjere dette, korleis og kor tid på året skal det gjerast?

KOSTRA:

- Den personen i kommunen som står ansvarleg for å gi ut pengane må melde tilbake via KOSTRA kva pengane er brukt til. KOSTRA og funksjonane skal vise at pengane er brukt i samsvar med tenestane som omfattast. Noko som for sentralane sett under ett, kan vere litt rart, i og med at dei er nemnt spesielt under KOSTRA-funksjonen «234 Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser». Ikkje alle sentralar er fortrolig med den kategoriseringa. Det kom fram i diskusjonen kring dette, at i neste omgang må statistikken bli feil når alle landet sine kommunar rapporterer inn til sentrale myndigheiter at all pengeforbruk i Frivilligsentralane er bokført eldre og funksjonshemma. Dette må vi førebels ta med ei stor klype salt fordi vi ikkje heilt veit korleis dette blir.

Styre eller ikkje styre:

- Eit anna moment som kom fram i diskusjonen er om ein skal ha eit eige styre i Frivilligsentralen. Her kom det fram fleire innspel både for og imot. Det er heilt klart ein fordel for dagleg leiar å ha nokre ein kan spele ball med. Frivilligsentralane i Nordhordland har representantane i styret valde frå politikarar, administrasjon og frivillige. Nokre av desse følgjer kommunevalperioden og er ei god kjelde for utveksling av informasjon. Det kom fram at kanskje denne informasjonsutvekslinga kan skje utan at ein treng eit styre. Det kan etablerast møteplassar som ivaretar denne delen.

Retningslinjer:

- Frivilligsentralane har retningslinjer å arbeide etter. Retningslinjene er utarbeidd av departementet og har vore revidert fleire gonger. Frå 1 jan 2017 opphøyrer desse å verke. Skal det da utarbeidast lokale retningslinjer for kvar kommune, eller skal Norges Frivilligsentraler lage eit utkast eller kanskje KS? Er det behov for retningslinjer?

Opprette nye frivilligsentralar:

- Det kan kome spurnad frå lag og organisasjonar, kommunar og einskildpersonar om å opprette nye Frivilligsentralar. Det er viktig at dette blir handsama på ein god måte og i samarbeid med eksisterande Frivilligsentralar. Samarbeid er avgjerande for eit godt resultat for frivillig arbeid i Nordhordland.

Det kom fram mange gode innspel og tankar kring denne reforma. Samfunnet utviklar seg i retning av at det blir ei stor auke i tal på eldre. Frivillig arbeid i samspel med det offentlege vil bli meir avtalefesta. Og med nærare knytning til kommunane vil Frivilligsentralane i det heile utvikla seg til å bli ein enda betre samarbeidspart – med stor kompetanse på frivillighet. Samarbeid er avgjerande for eit godt resultat for frivillig arbeid i Nordhordland.

Helsing arbeidsgruppa

Frivilligsentralane i Nordhordland – Radøy, Meland, Austrheim, Lindås og Masfjorden

28 okt 2016